

Årsmelding for 2021

Håvard Vederhus og IOP Norges Utdanningsfond

Innleiing

Utdanningsfondet er no inn i sitt niande år og vi som sit i styret for fondet sender med dette ut vår fjerde årsmelding for å kunne informere betre om aktiviteten i Utdanningsfondet. Vi synest dette er viktig informasjon å nå ut med til dei som bidrar med midlar til fondet og også til andre som er interessert i informasjon om Utdanningsfondet.

Kort om historia til Utdanningsfondet og om styret

Utdanningsfondet vart oppretta før jul i 2014 til minne om Håvard Vederhus som mista livet på Utøya 22. juli 2011. Utdanningsfondet vart oppretta i samarbeid mellom foreldra til Håvard, Kirsten og Alf, og IOP (Ilula Orphan Program) Norge. Fondet starta med ei gåve frå foreldra til Kirsten, Margrete og Øystein Vesterhus og midlar frå IOP Norge. Deretter er fondet finansiert kvart år med bidrag frå mange gjevarar.

I styret i 2021 var Synnøve H. Evenstad frå IOP Norge, Kirsten Vesterhus og Alf Vederhus. Synnøve gjekk ut av styret hausten 2021. Vi takkar ho for innsatsen som styremedlem.

Ny styremedlem frå styret i IOP Norge er Emilie Wilhelmsen. Emilie er sjukepleiar i Trondheim. Ho kjenner godt til arbeidet i IOP Tanzania og har vore mange gonger i Tanzania.

Første tildeling av støtte var for skuleåret 2015/2016. Frå skuleåret 2016/2017 gjekk vi over til å støtte 6 ungdommar. Dei siste tre åra har vi støtta ti studentar årleg.

IOP Tanzania er ein lokalt basert bistandsorganisasjon som kjempar mot fattigdom, HIV og aids ved å gje fattige og foreldreause barn støtte til livsopphald og utdanning. IOP har støttegrupper i land som Norge, USA, Nederland, Luxemburg, Italia, Tyskland, Sverige og Danmark. IOP har dei seinare åra utvida aktiviteten til å nå alle aldersgrupper i lokalsamfunnet og er også engasjert i landbruksdrift.

Håvard var svært opptatt av den frigjerande krafta i utdanning og også av internasjonal solidaritet. Fondet er oppretta til minne om han.

Det er eit stort behov for midlar til utdanning etter vidaregåande skule i Tanzania. Fondet blei oppretta for å møte noko av dette behovet. Det tar sikte på å finansiere minimum treårig yrkesutdanning for elevar som er ferdige med vidaregåande skule. Nokre studentar tar påbyggingsår.

Aktiviteten i Utdanningsfondet i 2021 – tildeling av midlar

Utdanningsfondet har støtta ti studentar i skuleåret 2020/2021 og held fram med det i skuleåret 2021/2022. Dette skuleåret finansierer vi åtte jenter og to gutar. Tre av dei er i helseutdanning, to tar utdanning innan økonomi, fire innan samfunnsplanlegging og ein tar journalistutdanning.

Når vi seier ja til støtte forpliktar vi oss vanlegvis minst for ein treårsperiode framover. Det betyr at vi bør ha reservar for å kunne dekke ein treårsperiode.

Ved sidan av faste gjevarar har mykje av midlane i 2021 komme i samband med tiårsmarkeringa for Utøya da vi informerte om Fondet på minnesida til Håvard. Vi har framleis om lag 15 faste gjevarar til fondet.

I 2020 er det tildelt i alt kr 138 105 i støtte til utdanning og det er komme inn kr 231 786 i bidrag til Utdanningsfondet. Utgåande saldo på bankkonto til Utdanningsfondet per 31.12.2021 er kr 593 818. Utdanningsfondet har same rekneskapsfører som IOP Norge. IOP Norge dekker kostnad med rekneskapsfører.

Tildeling av støtte skjer ved at IOP Tanzania set opp ei prioritert liste over dei som kan få støtte og styret i Utdanningsfondet tar stilling til kor mange ein kan støtte kvart skuleår. Styret ber også om tilbakerapportering frå IOP Tanzania om resultat for kvart semester og framdrift for dei studentane som får støtte, inkludert sluttrapportering etter avslutta utdanning. Vi ber også om rapport om korleis det går med studentar som har fått støtte tidlegare år. I november 2021 viste ein rapport frå IOP Tanzania at av ti studentar som var ferdig med utdanning støtta av fondet, var åtte i arbeid og to utan arbeid.

IOP Tanzania har eit administrasjonsgebyr på 7 % av tildelt støtte for å ta seg av alt det praktiske med oppfølging av dei ti studentane. Utdanning er ingen garanti for jobb i Tanzania, men det er ein føresetnad for ei betre framtid. Vi har overfor IOP Tanzania lagt vekt på at dei må prioritere motiverte ungdommar som søker utdanning som dei kan få brukt etter fullført utdanning. Vi har også lagt vekt på at IOP Tanzania må følgje med på kva som skjer etter fullført utdanning.

Styret har i 2021 brukt styremøte på nett sidan Kirsten og Alf bur i Oslo og Synnøve bur i Grimstad. Det same gjeld overfor Emilie som bur i Trondheim. Mykje av tida i styremøta har gått med til å diskutere oppfølging og kontakt med IOP Tanzania. Vi er takknemlege for at dei gjer det praktiske arbeidet med å følgje opp dei ungdommane som får støtte.

Planar for 2022

Pandemien dei siste to åra har ført til vanskar for IOP Tanzania. Berre om lag 13 % av folk i Tanzania er vaksinert mot covid.

Pandemien har ført til redusert inngang av sponsormidlar til IOP Tanzania. Det har også redusert aktiviteten at det i denne perioden ikkje har komme frivillige frå gjevarlanda for

hjelpe til lokalt. Alt i alt har det vore ein vanskeleg periode for IOP Tanzania med redusert aktivitet.

Utdanningsfondet er slik sett eit unntak sidan vi har oppretthalde aktiviteten og har halde fram med å støtte ti ungdommar under utdanning i heile perioden.

Av våre ti studentar reknar vi med at inntil seks ferdigstiller utdanning dette året og at minst fire held fram med studiar i skuleåret 2022/23. Vi reknar med å halde fram med støtte til ti ungdommar neste skuleår, men vil vurdere å kunne auke talet framover.

Behovet for utdanning i Tanzania er stort og det vi gjer er ein dråpe i eit stort hav. Likevel gjev det meining for oss. Vi takkar alle som bidrog ein eller fleire gonger til Utdanningsfondet i 2021 og vil halde fram dette arbeidet i Håvards ånd.

Mai 2022

Emilie Wilhelmsen Alf Vederhus Kirsten Vesterhus